



## RETTELIAR TIL SAKKUNNIG VURDERING OM RETT/IKKJE RETT TIL SPESIALUNDERVISNING

(Mal 4)

### Innleiing

Denne rettleiaren er tenk å vere eit hjelpemiddel i det sakkunnige arbeidet for PP-rådgivarar i vidaregåande skule i Møre og Romsdal. Det er ikkje tenkt at ein skal gjere greie for alle punkt og spørsmål som er stilt. Bruk dette meir som ei liste over moment det kan vere nyttig å tenke over når ein skriv. Rettleiaren må jamleg justerast i tråd med endringar i lovverk og nasjonale føringar.

Det er ønskeleg med tilbakemeldingar og forslag til betringar når de etter kvart får erfaringar med å bruke denne.

Til slutt i dokumentet er det vedlagt nokre lenker som vi vonar kan vere til hjelp.

Pedagogisk-psykologisk teneste bli i heile dokumentet kalla PPT.

Mvh

MRFK - Arbeidsgruppe Kvalitetsarbeid PPT

### 1. Eleven sine sterke sider, føresetnader og særlege behov

*Opplysningar frå elev, føresette, skule og evt. andre instansar*

#### **Bakgrunn for tilvising**

Opplysningar om kven som tilviser og dato for når tilvisinga er motteke

- Evt. søkt på A eller B skjema / kva paragraf (A-skjema)
- Kva skule og programfag eleven går på pr i dag, og evt. kva eleven har søkt til neste år?

#### **Informasjon frå elev (elevens egne kommentarar / vurderingar)**

- Målet for utdanninga/opplæringa
- Interesser
- Styrker
- Utfordringar/vanskar
- Kva ønsker han/ho hjelp til? - Kva har vore god hjelp? - Korleis ønsker han/ho at hjelpa skal givast?

### **Informasjon frå føresette**

Informasjon som omhandlar eleven sine sterke sider, føresetnader og særlege behov.

### **Informasjon frå skulen**

Informasjon som omhandlar eleven sine sterke sider, føresetnader og særlege behov.

### **Føresetnadane til eleven og særlege behov**

Beskriv kort kva vi veit om styrkane til eleven, utfordringar og særlege behov. Vis til;

Resultat av tidlegare utgreiingar, testar og kartleggingar. Ta berre med informasjon som er aktuelt / relevant for opplæringa.

### **Informantar kan vere**

- PPT (dersom eleven har vore tilvist tidlegare og informasjonen er relevant for opplæringa)
- Spesialisthelsetenesta (barnehabilitering, BUP)
- Statped

### **Anna**

Informasjon som omhandlar andre forhold som er viktig for opplæringa (særlege behov)

- Tilrettelegging av fysiske forhold
- Bruk av tekniske hjelpemiddel
- Skuleskyss
- Behov for spesiell kompetanse, tolk, logoped

### **Andre ting det kan vere aktuelt å ta med**

- Er det oppretta ansvarsgruppe, utnemnd verje, utarbeida individuell plan (IP)
- Får eleven tenester frå kommunen, spesialisthelsetenesta, Statped eller andre
- Er det sagt noko om vidare oppfølging og samarbeid? (ta med det som er viktig for skulen)

#### **Kommentar**

- Når PPT har fått ei tilvising, bør vi vurdere om det skal innhentast fleire opplysningar, og om det er behov for å gjere egne undersøkingar. Innhenting av informasjon omfattar både forhold knytt til eleven og opplæringssituasjonen.
- Om PPT av ulike årsaker ikkje får gjennomført egne undersøkingar, eller vurderer at manglande undersøkingar, testar og informasjon frå andre utgjør svakheiter i vurderinga, bør vi skrive noko om dette her.
- PPT skal ha samtalar med eleven, evt. føresette eller verje, for å få relevante opplysningar om situasjonen for eleven, og for å få deira syn på korleis opplæringa bør leggast opp. Foreldra og eleven skal involverast i alle delar av prosessen. Å møte eleven og få eit inntrykk av han/henne er viktig for utgreiinga og tilrådinga.

## Døme

- 1.1 A-skjema elev (sakkunnig vurdering blir skreven før skulestart): *X (namn elev) går 10.trinn ved X skule (set inn namn på skulen). Han/ho har søkt om fortrinn ved inntak til vidaregåande skule på grunn av sterkt nedsett funksjonsevne og med behov for omfattande tilrettelegging, jf. § 6-17 i forskrift til opplæringslova. Ungdomsskulen melder ifrå før 1.oktober (set inn årstal). X (namn elev) er tatt inn på X (set inn programfag) ved X vidaregåande skule (set inn namn på skulen), og takka ja til plassen.*
- 1.2 (Sakkunnig vurdering blir skreven etter skulestart): *PPT har fått tilvising frå X (namn på tilviser), mottatt den X (dato). Bakgrunn for tilvisinga er X (beskriv årsak gitt i tilvisinga)*

## 2. Eleven si fungering i opplærings situasjonen, tiltaka som har vore sett i verk, og utbytte av opplæringa

Informasjon frå elev, skule og PPT.

Sei innleiingsvis noko om klasse-/gruppestorleik, ressursar som er tilførte klassa/gruppa, læringsmiljøet og evt. annan informasjon som har betydning for opplæringa.

Dersom eleven allereie har spesialundervisning, gi kort informasjon om dette:

- I kva fag har eleven spesialundervisning?
- I kva fag har eleven avvik frå kompetansemåla?
- Bruk av alternativ opplæringsarena?
- Ressursomfang?

### Eleven si fungering i opplærings situasjonen (Informasjon frå elev, skule og PPT)

Fagleg:

- Eleven og lærar si vurdering av fagleg fungering og grad av inkludering
  - o I kva grad er eleven delaktig i undervisninga
  - o Behov for hjelp og/eller tilrettelegging?
  - o Eleven sine evner til å halde ut og konsentrere seg?
  - o Når arbeider eleven best?
  - o Kva har fungert tilfredsstillande, - og kvifor? - Kva har ikkje fungert tilfredsstillande, - og kvifor?
  - o Eleven sitt læringspotensial?
  - o Fagleg utvikling (meistring, læringsstil og sterke sider)

Sosialt:

- Eleven og lærar si vurdering av sosial fungering og grad av inkludering
  - o i undervisninga
  - o på fellesarrangement/aktivitetar
  - o i friminutt

- Korleis fungerer eleven sosialt på skulen?
- Er eleven inkludert i fellesskapet? I kva grad er eleven delaktig i samarbeid, sosiale relasjonar, del av klasse miljøet?

PPT sine egne observasjonar:

- Beskriv kva situasjon du har observert, og di vurdering av kva du såg

### **Iverksette tiltak**

Kva tiltak er sett i verk og korleis fungerer desse?

- Materiell/læremiddel (forenkla utgåve av læreverk, konkretiseringsmateriell og lydbøker/digitale bøker)
- Hjelpemiddel (ift. syn, hørsel og motorikk)
- Tilpassing av faginnhald (nivå, redusert mengde, forenkling av oppgåver, omgrepsavklaringar, samandrag, visuell støtte og praktisk tilnærming)
- Tilpassa prøveform (munnlege prøver eller kombinasjon av munnlege/skriftlege prøver, utvida tid)
- Bruk av PC, lese- og skrivestøtteprogram
- Opplesing og forklaring av oppgåvetekst
- Individuelle støttetiltak (ekstra forklaringar av fagstoff, omgrep, påminningar)

Eleven si vurdering av tiltaka

- Eigenvurdering av det skulefaglege
- Kva tiltak har fungert bra, evt. dårleg?

### **Utbytte av opplæringa**

- Ut frå eleven si faglege og sosiale fungering, og tiltak som er sett i verk, - i kva grad har eleven utbytte av opplæringa?
- Er utbytte forsvarleg og likeverdig? (sjå kommentar)

## Kommentar

- Vilkåra for at ein elev har rett til spesialundervisning er at han/ho ikkje har eller kan få tilfredsstillande utbytte av den ordinære opplæringa. Skulen skal ha gjort ei slik vurdering før eleven blir tilvist PPT.
- Det er ikkje noko eintydig kriterium for kva som er tilfredsstillande utbytte, men ei skjønnsmessig vurdering. Dersom eleven ikkje har noko utbytte av den ordinære opplæringa, er vilkåret oppfylt. Det er likevel sjeldan at ein elev enten har fullt utbytte eller ikkje noko utbytte. Som regel har eleven større eller mindre utbytte av opplæringa. I og med at utbyttet skal vere tilfredsstillande, ligg det at eleven kan ha rett til spesialundervisning, der han har eit visst utbytte av opplæringa.  
*(jf. Ot.prp.nr. 46 (1997-98) s.167, merknad til § 5-1).*
- Eleven kan óg ha tilfredsstillande utbytte av opplæringa i delar av fag eller enkeltfag. Der det skjer, kan det vera nok at eleven får spesialundervisning i delar av fag og/eller berre i enkelte fag. T.d. kan ein elev meistre den praktiske delen av eit programfag, men ha behov for spesialundervisning i den teoretiske delen av faget.
- Retten til spesialundervisning omfattar ikkje elevar som lærer raskare eller meir enn gjennomsnittet, og som derfor ikkje får tilfredsstillande utbytte av opplæringa. Evnerike elevar som lærer raskare, er omfatta av det generelle prinsippet om at opplæringa skal tilpassast den enkelte.
- Ei sentral retningslinje i samband med spesialundervisning er *likeverdsprinsippet*. Dette prinsippet inneber at elevar med rett til spesialundervisning skal ha eit opplæringstilbod som er likeverdig med tilbodet andre elevar får. Spesialundervisninga er likeverdig når ein elev med spesielle opplæringsbehov får dei same moglegheitene for å nå måla, som andre elevar har for å realisere måla sine innanfor det ordinære tilbodet.

### 3. Eleven sine moglegheiter til å få hjelp innanfor det ordinære tilpassa opplærings-tilbodet

Her skal PPT vurdere korleis det ordinære opplæringstilbodet er tilpassa eleven sine læreføresetnader og behov.

#### Rammefaktorar

- Lærartettleik, klasse-/gruppestorleik, rom- storleik/utforming (fysiske forhold), læremiddel ein har tilgjengeleg, kontaktlærerordning, rådgiving, to-lærarsystem etc.

#### Kompetanse

- Klasseleiing; innramming av timen, struktur, forventningar, responstid, emosjonell og fagleg støtte.
- Kompetanse på hjelpebehova til eleven og moglegheitene for å legge til rette innanfor rammene som klassa har.

---

<sup>1</sup> Dette er eksplisitt uttrykt i Ot.prp. nr. 46 (1997-98) i merknad til § 5-1 og har samanheng med spesialundervisninga sitt formål.

### Problemstillingar som PPT må ta stilling til er:

- Kva form for tilpassing og tilrettelegging har eleven behov for, og kan dette gjerast innanfor ramma av den ordinære opplæringa?
- Kan eleven få eit tilfredsstillande utbytte ved at ein gjer endringar med omsyn til organisering, innhald og progresjon i den ordinære opplæringa?
- Er det behovet for tiltak utover dei tiltaka ein har i den ordinære opplæringa?

#### Kommentar

- For å vurdere om eleven kan få hjelp innanfor det ordinære, bør vi ha kunnskap om korleis skulen praktiserer den ordinære tilpassa opplæringa og innhaldet i læreplanverket. Kva for generelle tiltak, rammer og kompetanse har skulen, som vi legg til grunn for vår vurdering.

#### Døme

- 3.1 *X (namn elev) sine behov er av ein slik art og omfang at han/ho ikkje vil få tilstrekkeleg hjelp for utfordringane innanfor det ordinære opplæringstilbodet. Han/ho vil ha behov for individuell tilrettelegging som går ut over det ein kan forvente at skulen kan gi innanfor ramma av tilpassa opplæring.*

## 4. Realistiske opplæringsmål for eleven

### Sluttkompetanse med evt. tilråding om avvik frå nasjonal læreplan

Når PPT skal vurdere kva som er realistisk opplæringsmål for eleven, blir det viktig å ta stilling til følgjande;

Kva for kompetansemål er det realistisk at eleven jobbar mot?

- Heile eller deler av kompetansemål? NB! Tar ein bort fag eller gjer store avvik frå kompetansemål i eit fag, kan det føre til at eleven ikkje vil få vurdering med karakter og dermed ikkje oppnå full kompetanse. I så fall blir det viktig å seie noko om konsekvensane dette kan få for vidare utdanningsløp.
- Korleis vurderer du eleven sine utviklingsmoglegheiter?
- Er det behov for å gjere avvik frå læreplanverket?
  - o Ikkje avvik frå innhaldet i læreplanverket (Spesialundervisning ift. organisering, framdrift, metode, reduserte mål - men nok mål til å kunne bli vurdert i faget).
  - o Avvik frå læreplanverket (Avviket skal grunnjevast i behovet til eleven og kva opplæringstilbod som vil gi eleven eit forsvarleg utbytte. Eleven kan ha behov for avvik frå deler eller eit heilt fag, eller avvik frå heile læreplanverket).

## Konklusjon

- Kva for opplæringsmål er det realistisk for eleven å jobbe mot i dei ulike faga? (Ta utgangspunkt i kompetansemåla i faget som eleven treng ekstra støtte i)
- Avsluttande kompetansemål/sluttkompetanse
  - o Grunnkompetanse?
  - o Full yrkes- eller studiekompetanse?

## Kommentar

- Nasjonal læreplan og kompetansemåla i faga skal ligge til grunn i denne vurderinga. Sjå dette i samanheng med eleven sitt utbytte av opplæringa, eventuelle lærevanskar og andre forhold som er viktige for opplæringa.
- Dersom ein elev med enkeltvedtak om spesialundervisning og individuell opplæringsplan (IOP) skal ha vurdering med karakter, er grunnlaget dei samla kompetansemåla i læreplanen for faget. Måla i eleven sin IOP skal ikkje brukast som grunnlag, dersom dei ikkje favner heile kompetansemål.
- Dersom opplæringa avvik frå læreplanen i eitt fag slik at læraren ikkje har grunnlag for å gi vurdering med karakter, skal eleven ha "Ikkje vurderingsgrunnlag" (IV) i standpunktkarakter. Eleven vil i slike tilfelle ikkje oppfylle vilkåra for å få vitnemål, men vil i staden få eit kompetansebevis.
- Avvik kan få konsekvensar for eleven si vidare utdannings- og yrkeskarriere. Skulen må derfor rettleie foreldra og eleven om kva for konsekvensar det vil gje dersom dei vel å ta bort kompetansemål.
- Av og til er det vanskeleg å seie kva som vil vere realistiske opplæringsmål, då må ein seie frå om dette, – og at det bør gjerast ei vurdering undervegs så tidleg som mogleg i utdanningsløpet. Dei som ikkje får full yrkes- eller studiekompetanse, får eit kompetansebevis som viser den kompetansen eleven har tileigna seg.

## Døme

4.1 PPT vurderer at den mest realistiske sluttkompetansen for X (namn elev) vil vere grunnkompetanse jf. Opplæringslova § 3-3. Grunnkompetanse eller delkompetanse er mindre omfattande enn full yrkes- eller studiekompetanse, og gjeld elevar med behov for mindre omfattande mål eller andre mål enn det som blir beskrive i læreplanen for faga. Desse elevane får utarbeida eigne tilpassa mål i ein individuell opplæringsplan (IOP). Grunnkompetanse som sluttkompetanse føreset vedtak om spesialundervisning.

4.2 Gjeld der ein er usikker på kva som er mest realistisk. I A-skjemaet har X (namn elev) kryssa av for fag-/sveinebrev eller yrkeskompetanse som mål for den vidaregåande opplæringa. PPT vurderer at han/ho har vanskar som tilseier behov for store tilpassingar og kanskje treng lengre tid på å nå måla sine. Det er likevel vanskeleg å seie kva som vil vere realistiske opplæringsmål for X (namn elev) før skulen har fått gjennomført kartlegging, og veit meir kva slags moglegheiter og avgrensingar han/ho har. Det er viktig at skulen i samarbeid med X (namn elev) og føresette, så tidleg som mogleg gjer ei vurdering av kva som vil vere realistisk, og planlegge vidare utdanningsløp i samsvar med dette.

## 5. Det blir tilrådd følgjande opplæringstilbod

### - Innhald

Beskriv kva tiltak som vil gi eleven eit forsvarleg opplæringstilbod. Ta utgangspunkt i eleven sine behov.

Vurder tiltak som vil bidra til å inkludere eleven i fellesskapet, og vurder tiltaka opp mot kva eleven sjølv ønsker.

Dersom eleven skal ha alternativ opplæring, må ein beskrive det tilbodet eleven vil kunne få ved den aktuelle skulen eleven er tatt inn på.

Har eleven behov for;

Ekstra tilrettelegging? Til dømes; tilgjengelege rom, skuleskyss, fysisk tilrettelegging og spesielle læremiddel.

Spesialundervisning? (tiltak som går ut over ordinær tilrettelegging)

- Kva fag blir det tilrådd spesialundervisning i?
- Dersom det ikkje allereie er nemnt i pkt. 4: Kva for opplæringsmål er det realistisk for eleven å jobbe mot i dei ulike faga? (Ta utgangspunkt i kompetansemåla i faget som eleven treng ekstra støtte i)
- Særskilt tilpassing knytt opp mot evner og føresetnader?
- Særskilt tilpassing av arbeidsmetodar?
- Kva kompetanse bør dei tilsette ved skulen ha?
- Korleis skal resultatet av spesialundervisninga vurderast?

Tilpassa opplæring? (tiltak innanfor det ordinære opplæringstilbodet)

- Korleis kan eleven støttast innanfor det ordinære opplæringstilbodet?

Samarbeid

Gjelder spesielt elevar med store samansette vanskar, der fleire instansar deltek.

### - Organisering

Korleis skal spesialundervisninga organiserast? (I klassa, i mindre gruppe, einetimer (gjeld berre i spesielle tilfelle) evt. kombinasjon av desse, bruk av ekstra lærarstøtte i klassa, andre fagpersonar etc.)

Eleven skal medverke i planlegginga og gjennomføringa av spesialundervisninga. Korleis kan skulen involvere eleven i dette arbeidet?

Korleis kan tiltaka/spesialundervisninga blir organisert slik at eleven opplever å høyre til i klassa/gruppa? (Vurder behovet for differensiering opp mot inkluderingsprinsippet)

Korleis skal ressursane brukast/fordelast i forhold til fag?

Vurder om ressursen kan sjåast i samanheng med resten av klassa/gruppa.

Sei noko om at det bør avsetjast tid til samarbeid mellom partane.



## - Omfang

Tid blir berekna i årstimar á 60 minutt.

### Kommentar

- Læreplanverket for Kunnskapsløftet er eit nyttig hjelpemiddel når talet på timar skal bereknast. Her er det fastsett kor mange timar eleven skal ha i dei ulike faga. Frå hausten 2020 blir det endringar i fag- og timefordeling for vg.1 elevar. For å sjå endringar og samanlikne fag og timefordeling i år og neste skuleår, sjekk vedlagt lenke [www.vilbli.no](http://www.vilbli.no)
- Alle læreplanar i vidaregåande skule blir fornya. Dei nye læreplanane blir gradvis innførte i skulen frå 2020 til 2022. Både fellesfag og programfag blir samtidig innført. Sjå elles vedlagt lenke frå [www.udir.no](http://www.udir.no) med oversikt over nye læreplanar og kompetansemål.
- Utdanningsdirektoratet tilrår at PPT konsekvent angir ressursbehovet i årstimar. Årstimar gir skulen meir fleksibilitet knytt til når og korleis timane skal brukast enn det veketimar gjer. Veketimar låser skulen meir, og gir skulen/lærarane mindre handlingsrom i planlegginga av tilbodet til eleven.

### Døme

#### 5.1 Samarbeid

5.1.1 *Vi tilrår at skulen etablerer eit samarbeid med dei instansane som arbeider med X (namn elev), slik at ein betre kan samkøyre tiltak og få ei heilskapleg forståing av kven X (namn elev) er, og kva han/ho treng.*

#### 5.2 IOP

5.2.1 *Skulen sitt enkeltvedtak dannar ramma av innhaldet i den individuelle opplæringsplanen (IOP). Den individuelle opplæringsplanen er eit «levande dokument» som må justerast og endrast i tråd med kva X (namn elev) meistrar, og kva som vil gi best mogleg utbytte og kompetanse. Ein bør derfor jamleg vurdere om kompetansemåla er realistiske for X (namn elev).*

#### 5.3 Kompetanse

5.3.1 *Personalet skal ha kunnskap om dei utfordringane X (namn elev) har, og kva for metodiske føringar dette gir, med tanke på faglege tilnærmingar og korleis ein relasjonelt forhold seg til X (namn elev). Det er viktig at dei som har ansvaret for opplæringa til X (namn elev) er samkøyrde i metodar og framgangsmåtar. Det må sørgast for at det blir sett av tid til samarbeid mellom dei som skal gjennomføre opplæringa.*

#### 5.4 Omfang

5.4.1 *Utdanningsprogrammet som X (namn elev) er tatt inn på har eit omfang på 30/35 timar. Ut frå ei heilskapleg vurdering tilrår PPT at X (namn elev) får spesialundervisning i (set inn kva fag) tilsvarande (oppgje mengde årstimar á 60 min.). Fag og timefordeling må tilpassast han/henne sine føresetnader og behov, og opplæringa må sjåast som eit heilskapleg spesialpedagogisk tilbod.*

## 6. Konklusjon med tilråding om rett/ikkje rett til spesialundervisning og evt. usikre moment som kan påverke omfang og organisering

Vilkåret for at ein elev har rett til spesialundervisning, er at ho/han ikkje har, eller kan få, tilfredsstillande utbytte av den ordinære opplæringa. Det er ei skjønsmessig vurdering om ein elev har eit tilfredsstillande utbytte av den ordinære opplæringa.

**Usikre moment som kan påverka omfang og organisering**, kan til dømes vere det skulen har av disponible ressursar og kompetanse.

### Kommentar

- Dersom det usikre momentet handlar om kompetanse, kan ein skrive noko om kva slags kompetanse som må vere på plass.

### Døme

#### 6.1 Konklusjon

- 6.1.1 *X treng ekstra hjelp og støtte for å nå kompetansemåla. PPT vurderer det slik at ho/han har rett til spesialundervisning etter § 5-1 i opplæringslova.*
- 6.1.2 *PPT vurderer at X (namn på elev) har rett/ikkje rett til spesialundervisning etter § 5-1 i Opplæringslova.*
- 6.1.3 *PPT vurderer at eleven ikkje vil ha tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet utan at han/ho får eit individuelt tilrettelagt opplæringstilbod. Dei nødvendige tiltaka krev ressursar ut over det ordinære. Han/ho vil ha behov for spesialundervisning etter Opplæringslova § 5-1.*

#### 6.2 Usikre moment

- 6.2.1 *Graden av tilpassa opplæring i det ordinære tilbodet kan endre behovet for spesialundervisning.*
- 6.2.2 *Dersom behovet til eleven eller tilhøvet rundt eleven endrar seg vesentleg i løpet av denne perioden, tilrår vi at skulen eller elev/føresette tar kontakt med PPT for ei ny vurdering.*

#### 6.3 Utvida tid

- 6.3.1 *Dersom det viser seg at X (namn elev) har behov for opplæring ut over tre år for å nå opplæringsmåla sine (jf. Opplæringslova § 3-1, 5.ledd), kan ein søke om å få utvida ungdomsretten sin i inntil to år ekstra. Dette må skje i løpet av X (namn elev) sitt tredje og fjerde år i vidaregåande opplæring. Eleven må då be PPT om ei ny sakkunnig vurdering.*

## 7. Vurdering av behov for vidare oppfølging av PPT

PPT skal, i samråd med skulen, vurdere behov for vidare oppfølging og klargjere si rolle vidare i saka.

### Kommentar

- Dersom PPT, som eit resultat av arbeidet med den sakkunnige vurderinga, tenker at det kan vere nyttig for skulen å tilvise ei systemsak, så kan PPT avslutningsvis i sakkunnig vurdering informere skulen om dette.

### Døme

7.1 Den sakkunnige vurderinga er med dette ferdigstilt, og PPT har konkludert i si tilråding. PPT vil avslutte forvaltningssaka, og opprettar ei oppfølgingssak. Oppfølgingssaka blir halden open fram til (fyll inn dato).

7.2 Sakkunnig vurdering er no ferdig utarbeidd, og PPT avsluttar derfor saka.

7.3 Som avtalt med elev/føresette og skule i møte (dato), vil PPT hjelpe til med rettleiing til skulen \_\_\_\_ (angi periode) med formål å \_\_\_\_\_ (fyll inn felt).

7.4 PPT vil halde saka open for oppfølging. Skulen kan kalle inn PPT til møte ved behov.

7.5 Vedr. tilvise ei systemsak

7.5.1 Dersom skulen ønsker ytterlegare bistand frå PPT, så kan ein be om bistand til;

- Kompetanseheving (råd og rettleiing)
- Organisasjonsutvikling

7.5.2 PPT avsluttar no saka. Skulen kan ved behov tilvise systemsak knytt til (set inn aktuell problemstilling/tema).

## Nyttige lenker

### Spesialundervisning og ordinær tilpassa opplæring

- Veilederen Spesialundervisning, Udir (2017) <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/sarskilte-behov/spesialundervisning/Spesialundervisning/>
- Spesialundervisning og ordinær opplæring, Haug, Nordisk tidsskrift for pedagogikk og kritikk Vol 1/2015 <https://utdanningsforskning.no/artiklar/spesialundervisning-og-ordinar-opplaring/>
- Hva er spesialundervisning og hva er ordinær opplæring? Lindbäck, Strandkleiv (2010) Inkl. vedlagt sjekklister ift. utbytte av opplæringen <http://media1.elevsida.no/2017/09/Spesialundervisning-og-ordinar-opplaring.pdf>

### Tidlig innsats og inkluderende fellesskap

- Meld. St. 6 (2019-2020) Tidlig innsats og inkluderende fellesskap i skole <https://www.regjeringa.no/no/dokument/meld.-st.-6-20192020/id2677025/>

### Likeverdig skoletilbud

- Likeverdig og tilpasset opplæring i en skole for alle (bok), Buli-Holmberg, Ekeberg Universitetsforlaget (2016) <https://www.universitetsforlaget.no/likeverdig-og-tilpasset-opplaering-i-en-skole-for-alle-1>
- Rett til likeverdig skoletilbud for alle? Horgen, Fossen, Løvås og Vege, Spesialpedagogikk (2016) <https://utdanningsforskning.no/artiklar/rett-til-likeverdig-skoletilbud-for-alle-ppts-sakkyndighetsarbeid-nar-det-gjelder-elever-med-multifunksjonshemming/>

### Fagfornyelsen

- Oversikt over nye læreplaner og kompetansemål <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/lareplanverket/fagfornyelsen/>
- Fag- og timefordeling for vg1 skoleåret 2020/2021 <https://www.vilbli.no/nb/nb/no>

### Ny opplæringslov

- Ny Opplæringslov NOU 2019: 23 <https://www.regjeringa.no/no/dokument/nou-2019-23/id2682434/>
- Bakgrunnsnotat frå Opplæringslovutvalget (datert april 2019). <https://www.opplæringslovutvalget.no/blir-filt/2019/05/Bakgrunnsnotat-om-tilpasset-opplaring-og-spesialundervisning.pdf>

### Samtale med elev

- Tips til spørsmål / tema for samtale med elev (Statped, 2018): <https://www.statped.no/statpedmagasinet/statpedmagasinet-3-2018/elevens-stemme-i-sakkyndig-vurdering/>

### Tverrfaglig samarbeid i skolen

- Brosjyre om tverrfagleg samarbeid i skolen (FO og Utdanningsforbundet, 2012): <https://www.fo.no/aktuelle-brosjyrer/tverrfagleg-samarbeid-i-skulen-god-og-trygg-skulekvardag-for-alle-elevar-article5459-1335.html>